



KONTROLLUTVALET FOR MELAND KOMMUNE MØTEUTSKRIFT

Møtedato: 21. juni 2016
Stad: Meland kommunehus – møterom 1
Kl.: 12.30 – 14.30
Tilstade: Kåre Skibenes (leiar), Lars Barstad (nestleiar), Solbjørg Åmdal Sandvik (vara for Aslaug Aalen), Anne Marie Skurtveit, Rikke Nordal, Morten Klementsens og Øyvind Bratshaug
Innkalla: Rådmann Ingvild Hjelmtveit og barnevernsleiar Kjell Ølnes (til sak 22/16)
Revisjon: Randi Rykkje
Sekretær: Tonje Husum Aarland
Forfall: Aslaug Aalen

19/16 Godkjenning av innkalling og saksliste

Samrøystes vedtak:

Innkalling og saksliste vart godkjent.

20/16 Godkjenning av møteutskrift frå sist møte

Saksvedlegg: Møteutskrift frå møtet 11.04.16

I sak 16/16 Plan for selskapskontroll hadde kontrollutvalet forslag til vedtak i kommunestyret om kva selskap som dei meiner er aktuelle for selskapskontroll. I saka vart det noko misforståing omkring avrøystinga og ein ser også i ettertid at kontrollutvalet burde vore tydeligare rundt handsaming av saka, særleg med vurdering av habilitet.

Kontrollutvalet kan vanskeleg sjå at sjølv om spørsmålet om habilitet hadde blitt vurdert slik det skulle, hadde endra på sjølve vedtaket til kontrollutvalet. Kontrollutvalet ser difor ikkje nokon grunn til å ta saka opp til ny handsaming og anser vedtaket som gyldig.

Samrøystes vedtak:

Møteprotokollen frå 11.04.16 vart godkjent slik den ligg føre, med dei kommentarane som kjem fram i utgreiinga over.

21/16 Skriv og meldingar

- KS-vedtak 43/2016 Selskapskontroll Meland kommune 2016 – 2019
- KS-vedtak 37/2016 Plan for forvaltningsrevisjon
- KS-vedtak 33/2016 Rekneskap og årsmelding 2015

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek skriv og meldingar til vitande.

22/16 Innspel til kontrollutvalet

Saksvedlegg: Saksdokumenta er unntatt offentlegheit med heimel i offentleglova §13 og forvaltningslova §13 og vert lagt fram i møte.

Rådmannen og barnevernsleiar møtte i saka.

Kontrollutvalet vel å lukke møtet under dette punktet med heimel i offentleglova §13, forvaltningslova §13 og kommunelova §31.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek innspela til orientering. Kontrollutvalet vil minne om at kontrollutvalet ikkje er eit klageorgan og har ikkje mandat til å gjere om eller gje vurderingar i enkeltsaker. Førespurnader til kontrollutvalet frå enkeltpersoner kan tas med i vurderingar i kontroll- og tilsynsarbeidet dersom utvalet ser dette som relevant.

23/16 Bestilling av prosjekt innan forvaltningsrevisjon - Barnevernstenesta

Saksvedlegg: Plan for forvaltningsrevisjon, KS-vedtak 37/2016

Vedtatt plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016 – 2019 har desse tenestedområda:

- Barnevernstenesta i Meland kommune
- Helsetenesta for barn og ungdom og skulehelsetenesta
- Etikk – og korleis arbeider kommunen med problemstillingane knytt til etikk og varsling i organisasjonen?
- Vedtaksoppfølging – har kommunen system som sikrar at vedtak vert følgt opp?

Kontrollutvalet såg nærare på forvaltningsrevisjonsprosjekt innanfor barnevernstenesta. I ein forvaltningsrevisjon kan hovudfokus mellom anna vere på:

- Måloppnåing
- Produktivitet
- Kvalitet
- Regelverkketterleving
- Styringsinfo-verktøy

Sekretariatet og revisjonen orienterte om moglege problemstillingar i eit slikt prosjekt. Kontrollutvalet diskuterte dei ulike fokusområda og kva ein kan sjå nærare på i ein forvaltningsrevisjon av barnevernstenesta i Meland kommune.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet vedtek å bestille utkast til prosjektplan for forvaltningsrevisjon av barnevernstenesta.

23/16 Gjennomgang av møtebøker frå politiske utval

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet hadde ingen merknadar til møtebøker frå politiske utval.
Kontrollutvalet ønskjer å få desse tilsendt på e-post frå kommunen, og har fordelt gjennomgang av møtebøker mellom medlemmene:
UDU: Aslaug Aalen, Øyvind Bratshaug
ULK: Anne Marie Skurtveit, Rikke Nordal, Morten Klemmentsen
FM/KS: Lars Barstad, Kåre Skibenes

24/16 Eventuelt

a. Budsjettbrev frå fylkesmannen

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek skrivet til orientering.

b. Politiske møter på heimesida

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet ønskjer at politiske møter vert meir synleg på heimesida til kommunen, og at kontrollutvalet sine innkallingar og møteprotokollar vert inkludert i desse oversiktene.

Neste møte i kontrollutvalet er 27. september kl. 08.30.

Frekhaug, tysdag 21. juni 2016

Kåre Skibenes /leiar

Kåre Skibenes.

Tonje Husum Aarland /sekretær

Tonje Husum Aarland